



Country Cafeen AS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 23/314 - 23/4404

Sakshandsamar:

Svein Helge Hofslundsengen

svein.helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.no

Dato:

12.05.2023

Søknad om tilskot kraftfondet - Country Cafeen AS

Vedlagt følger saksutgreiing og vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakere:

Country Cafeen AS

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223	23/314

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2023	Kraftfondsstyret	PS	27.04.2023

Søknad om tilskot kraftfondet - Country Cafeen AS

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om tilskot - Country Cafeen AS

Dato

31.03.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Country cafeen as får tildelt tilskot gjennom kraftfondet med inntil kr. 37.500 basert på 25% av dokumenterte netto investeringskostnader til prosjektet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet til etablering av Country cafeen as

Fakta

Kraftfondet jf. § 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune. Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast. Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemder og kommunen. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Vurdering

Samla kostnad jf. søknad utgjer kr. 150.000,- og maks tilskot gjennom kraftfondet kan såleis bli kr. 37.500. Det er lagt ved søknaden dokumenterte utgifter med knappe kr. 70.000 brutto. Eige arbeid gir ikkje grunnlag for støtte. Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar. Ut i frå framlagt dokumentasjon tilseier dette eit tilskot på knappe 15.000,-. Innstiller på maks tilskot ut i frå samla søknadsgrunnlaget, og legg til grunn at tilskotet ikkje skal overstige 25 % av den samla netto investeringa for investeringsprosjektet/etablering av Country cafeen as.

Kraftfondet har tidlegare gitt støtte til cafe i same areal.

Konklusjon

Country cafeen as får tildelt tilskot gjennom kraftfondet med inntil kr. 37.500 basert på 25% av dokumenterte netto investeringskostnader til prosjektet.

Kraftfondsstyret - 013/2023**KRFT - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KRFT - vedtak:

Country cafeen as får tildelt tilskot gjennom kraftfondet med inntil kr. 37.500 basert på 25% av dokumenterte netto investeringskostnader til prosjektet.